

## **Svar på høyring om samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune**

Innleatingsvis vil eg leggja fram nokre synspunkt om situasjonen ledige løyver.

Det er per idag 3 ledige hovudløyve og eit reserveløyve ledig på Fitjar.

Før helseekspresen kom på banen var behovet for drosjar i Fitjar kommune heilt annleis enn idag. Det var då dagleg fleire turar til Bergen og Haugesund. I tillegg var det meir skulekjøring, då turvognløyvet til Erlend Helland ikkje eksisterte. Idag er det eit tett og godt samarbeid mellom Fitjar Taxi, Erlend Helland og Nobina når det gjeld skulekjøring.

Slik situasjonen er idag, vil det vær unødvendig med fleire løyve, utanom eit reserveløyve som eg jobbar mot å få iløpet av vinteren 2015. Når reserveløyve kjem på plass vil dette for det første ta vekk behovet for dispensasjon for kjøring av skulebarn i bil utan løyve, for det andre sikre drosje dekning ved større tilstellingar som revy og Fitjar dagane.

Tilbakemeldingar frå kundar de siste 4 år har vore overveldande. Service er blitt bra og tilliten til drosjen som før var mangelfull er no blitt bra.

På grunnlag av dette ser eg ikkje noko problem med rekruttering av løyve takrar på Fitjar, då det per dags dato ikkje er eit behov for meir rekruttering.

Eg stiller meg negativ til samanslåing av Fitjar/Stord, men er open for eit samarbeid.

Sidan Fitjar ikkje har noko «uteliv» på same måte som Stord, slepp me «stengetidsrush» slik dei opplever på Stord i helgene, unn teke fitjardagane og revytida.

Mitt forslag er at dei helgene Fitjar opplever overkapasitet kan eg senda reserveløyve til Stord for å hjelpe på drosjekøen der.

Sameleis er både Stord taxi og Leirvik taxi velkommen til å bi stå her når det er behov.

I praksis har dei alltid vore velkommen til å hjelpe her.

Det at Fitjar kommune har ein eigen sentral virkar også positivt i forhold til konkurranse og sikrar Fitjar kommune eit teneleg drosjetilbod.

Svein Malvin Marås